

Gjennomgang av **barnevernssaker** for å auke **kunnskapen** om tenestene

Prosjektet «Gjennomgang av barnevernssaker» har som mål å hente fram kunnskap om god praksis, men også om svakheiter i arbeidet barnevernet driv. Formålet er å vidareutvikle kvaliteten i barnevernet. Prosjektet skal levere rapport til Barne- og likestillingsdepartementet i 2018.

Helsetilsynet fekk i 2016 oppdrag frå Barne- og likestillingsdepartementet å gå gjennom eit utval på minst hundre barnevernssaker om akutt plassering eller omsorgsovertaking av barn og unge som har vore behandla i fylkesnemnda. Gjennomgangen skal gi meir kunnskap om dilemmaa, kompleksiteten og kvaliteten i arbeidet som barnevernet driv.

Sakene er henta inn på bakgrunn av bestemte utvalskriterium.

Kva ser vi etter i sakene? Vi skal gi ei framstilling av saksgangen frå første uromelding til barneverntenesta og fram til fylkesnemnda behandlar saka. Vi skal særleg sjå på kvaliteten i dei faglege vurderingane barnevernet gjer, og om barneverntenesta og fylkesnemnda er tydelege på kvifor dei gjer vedtak om akutt tiltak og omsorgsovertaking.

